

# SAKSPROTOKOLL

## HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 25.09.2018:

Møtet var kalla inn ved skriv frå ordføraren 13. september 2018. Møtet har óg vore kunngjort i Bladet Tysnes og på kommunen si nettside.

Det var ingen merknader til innkallinga, sakslista eller møteboka frå førre møte.

### Referat skriv og meldingar:

Ordførar orienterte kort om utsendte referat, skriv og meldingar.

Ordføraren orienterte vidare om folkemøte 26. september med tema framføring av kraftliner for Haugaland kraft.

Ordføraren orienterte om endringar på heimesida som følgje av at kommunen kom ut i midtsjiktet i gjennomført undersøking om openheit. Ein av endringane er at det no er lagt ut kontaktinformasjon til politiske representantar.

### Ymse:

#### **Sal av Hovland:**

Representanten Magnar Solheim stilte spørsmål om korleis det stiller seg med sal av Hovland. Rådmannen orienterte om at det var trong for ein oppdatert tilstandsrapport og at Hovland no er klart for å leggjast ut til sal, meklaren i saka rår til at det likevel ikkje vert annonsert for sal før til våren.

#### **Kommunale vegar:**

Representanten Magnar Solheim uttrykte uro for dei kommunale vegane ikkje minst i ljøs av dei omfattande nedbørmengdene me har for tida. Han viste mellom anna til at kommunen tidlegare har peika på trong for rammeavtaler om grøftereinsk og etterlyste status her. Rådmannen svara at det er teikna ein rammeavtale som mellom anna omhandlar grøftereinsk, når det gjeld prioriteringar i høve kommunale vegar bør tiltak for vasshandtering prioriterast.

#### **PPT**

Representanten Anne Merete Fjeldstad peika på at det er dårlig konsistens mellom det å vera eigen kommune og det å løysa tenester i eigen regi. Representanten meinte at den politiske føringa i denne saka burde vore at kommunen frametter skal løysa denne oppgåva i eigen regi.

#### **Havbruksfond:**

Representanten Anne Merete Fjeldstad peika på at pengar knytt til Havbruksfondet bør kunne øyremerkjast til infrastruktur. Det bør vurderast om pengane skal nyttast til etablering av gang og sykkelsti mellom Våge og Uggdal. Det vil vera store føremøner med ei slik investering ikkje minst ut frå eit folkehelseperspektiv. Det vil kunne vera positivt i eit næringsperspektiv ikkje minst opp mot verksemda Tysnes Industri AS.

#### **Trafikktryggleik:**

Representanten Inge Malkenes oppmoda grunneigarar i Tysnes som eig skogteigar i nærleik av veg om å avskoga, eventuelt opna opp for at andre kan gjennomføra hogst i område.

Grethe Barmen og Patrick Russel Madsen vart vald til å skriva under møteboka saman med ordføraren.